



Stille og stemningsfull kveld ved Mannsvatnet.

**Lesariletet vårt i dag (finn det til høgre) er eit døme på den gode stemninga ein kan oppleva ved Mannsvatnet. Mange har nytt dette frå ungdomslagshytta Fjelly ved inste enden av vatnet. Tidlegare stod det i reglane at den skulle leigast ut til bygdefolk og folk med tilknytning til bygda. Dette vart endra på siste årsmøtet, og no kan hytta leigast av alle, også tilreisande.**

Dermed er Fjelly også eit særdeles godt tilbod til folk som ferierer i bygda, enten dei bur på campingplassen, i båthamnene eller andre stader. Dette er eit tilbod som er å anbefala for alle som er glad i fjellet. For ei symbolsk leige kan dei oppleva paradiset ved Mannsvatnet. Båt og garn er klare, og fjellaure er det rikeleg av! Det er også ein god base for flotte dagsturar. Turen opp til hytta er svært overkommeleg for dei aller, aller fleste.

Det har vore gjort ein god del opprustningsarbeid på den koselege hytta siste åra, og hyttestyret ønskjer at så mange som mogeleg skal ha glede av eit opphald der.

Dei som ønskjer å leiga Fjelly, kan ta kontakt med Randi M. Nybakk, mobil 412 88 090. Leigesatsane er no: 75,-kr pr. døgn pluss 25,-kr pr. person.

Hytta Fjelly ved Mannsvatnet er verkeleg plassen for dei koselege, stemningsfulle sommarkveldane når vermeldigane no lovar litt betre ver.



Mange skuleklassar har lagt turen til Fjelly. Her i 2002-03.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ståle Eik og Svein A. Sunde.